



Bjarne Lilleås driv med mangt, her bryggjar han øl på Dønhaug som ein av medlemene i Humlepungen Bryggjarlag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

10 av dei 40 kandidatane på Venstre-lista ved valet til hausten kjem frå Uskedalen. Det er grunn til å tru at innslaget frå vår bygd ikkje vil bli så stort på noko anna liste. Dei som står øverst er veterinær og storseglar Bjarne Lilleås på fjerdeplassen, partileiar Kjell Yri på sjetteplassen og professor Reidar Myklebust på niandeplassen.

Her er Uskedalskandidatene:



Kjell Yri er leiar i Kvinnherad Venstre og står på sjetteplassen på lista. (Foto: Ola Matti Mathisen)

4. Bjarne Lilleås
6. Kjell Yri
9. Reidar Myklebust
17. Brit Hjetland
19. Brit Halleråker
28. Kristian Olav Bringedal
30. Ole Kristoffer Vågen
33. Einar Gjertsen
38. Bjørgulv Eik
40. Sigvald Eik

Det er fleire politikarveteranar blant desse, og framfor alt merker ein seg Sigvald Eik på sisteplassen, som mange kallar heidersplassen. Han vil vera den klart eldste listekandidaten ved valet, med sine 91 år!

Venstre har vald å kumulera berre ein kandidat, toppkandidat Synnøve Handeland frå Valen. Ho er ein av to Venstrerepresentantar i kommunestyret denne perioden.

Tilrettelegging av industritomter i sentrale bygder er ei av sakene som Venstre er oppteken av foran valet. Her er ikkje minst Børnes i Uskedalen eit døme på at det så langt er gjort for lite, meiner Venstreleiinga.

Av Ola Matti Mathisen